




Årsmelding 2014

2014 er det niande driftsåret til Aardalens Venner.

Medlemmar i laget



Også siste året har det vore ein merkbar nedgang i tal medlemmar i høve til tidlegare år. Frå eit relativt stabilt medlemstal på rundt 60 gjennom fleire år, er det i 2014 berre 26 betalande medlemmar (i fjor 13). Firmamedlemskap har ikkje vore teikna dei siste tre åra.

Årsaka til lågare medlemstal skuldast nok til ei viss grad at det ikkje har vore tilstrekkeleg oppfølging mot potensielle medlemmar. Dette har litt å gjere med den generelle aktiviteten siste året, vidare at vi framleis manglar ein del e-postadresser som gjer det enklare (billigare) å ha kontakt.

For aktiviteten i laget er nok medlemskontingenten viktigare symbolsk enn økonomisk. God støtte både i lokalsamfunnet og frå personar som har tilknytning til Årdalen, er viktig for arbeidet vidare.

Stor takk til dei som er med og støttar arbeidet!

Styret i Aardalens Venner 2014

Styret på fem personar har vore uendra sidan 2009; fire har vore i styret sidan oppstarten i 2006:

- Jan Hammersvik, leiar
- Kaare Aardal, nestleiar
- Terje Hovden, kasserar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Atle Nøstdal, styremedlem

Styret har i 2014 hatt berre eitt styremøte.

For Aardalens Venner hadde det vore positivt om fleire hadde engasjert seg i styret og organisering av aktivitetar. Laget kan ikkje eksistere i mange år til om det ikkje blir ei viss fornying.

Økonomisk støtte

Siste året har laget motteke kr 5 460,- i godtgjersle frå Statens Landbruksforvaltning. Dette er i samsvar med den skjøtselsavtala som Aardalens Venner har inngått med Fylkesmannen.

Arbeid siste året

I 2014 har aktiviteten vore avgrensa til dugnadsarbeid av nokre av styremedlemmane. Etter at våningshuset vart ferdigstilt utvendig i 2013, har Atle Nøstdal no føra fram og lista alle vindauge.

Gardinene som høyrer til huset er vaska og klargjorde, men endå ikkje hengde opp.

Elles er tunområdet gjerda inn, og slåttearbeid avtalt i skjøtselsavtala gjennomført. Dette arbeidet blir følgt opp kvart år av fylkesmannen.



Økonomi

Resultatrekneskapan for Aardalens Venner er lagt ved på neste side. Både fylkesmannen og Statens Landbruksforvaltning har stilt seg positive til å støtte vidare arbeid på bygningane i Årdalen.

Friluftsgudsteneste

Søndag 24. august var det for sjuande året på rad friluftsgudsteneste i Årdalen.

Denne gongen var det seniorprest Sigurd Vengen som hadde gudstenesta, medan Jon Inge Sigerland sto for tonefyllje.

Til slutt


Alle gode krefter er velkomne i vennelaget. Dette er nødvendig for å ha god framdrift i nødvendig vedlikehaldsarbeid, og holde skjøtselsarbeidet gåande.

Vi minner om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne. Takk til Inge Bakke og Håkon Berstad som gjennom mange år har revidert rekneskapan til laget.

Selje, 20. februar 2015

For styret i
Aardalens Venner

Jan Hammersvik
leiar



Resultatrekneskap 2014

Rekneskapsperiode: 1.1. – 31.12. 2014

		Debet	Kredit
Inntekter:			
Medlemskontingent - enkeltmedlemmar	kr	3 700,00	
Statens Landbruksforvaltning – tilskot skjøtsel	kr	5 460,00	
Renteinntekter	kr	41,00	
Utgifter:			
Gjerdemateriell innmark / hage / tun, bensin	kr		4 664,70
Leige lokale årsmøte	kr		500,00
Materialer utføringar / listing vindaug mv.	kr		7 238,00
Servering årsmøte 2014 og friluftsgudsteneste 2013	kr		862,00
Porto / konvoluttar			100,00
Bankgebyr	kr		18,00
Sum transaksjoner 2014	kr	9 201,00	13 382,70
Differanse inntekter – utgifter i 2014	kr	- 4 181,70	

Status

		Pr. 31.12.-13	Pr. 31.12.-14
Behaldning brukskonto 3790 13 23209	kr	24 880,14	20 698,44
Behaldning tilskotskonto 3790 13 97784	kr	3,00	3,00
Reduksjon i kontantbeholdning 2014	kr		4 181,70
	kr	24 883,14	24 883,14

Selje, 24.1.2015

Terje Hovden
Kasserer (sign.)